

## SAK 15/22 INTERKOMMUNALT POLITISK RÅD

### Saksopplysning:

Ny kommunelov vart innført hausten 2019. Den nye lova får innverknad på det interkommunale samarbeidet, når det gjeld organisering og namn. Lova seier mellom anna: «Et interkommunalt samarbeid skal foregå gjennom et interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgavefelleskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeforetak, en forening eller på en annan måte som det er rettslig adgang til.»

Lova seier namnet på det nye rådet skal innehalde orda: «interkommunalt politisk råd», og at det øvste organet heiter representantskapet. Om ein i daglegtale fortsatt vil nytte «Regionråd», må ein ta stilling til dette.

Vidare skal det på plass ei skriftlig samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i rådet, som skal vedtakast av alle kommunestyra, og som i praksis erstattar dei gjeldande vedtektene. Dette er ei reell endring. Samarbeidsavtala skal som minimum innehalde disse punkta:

- a) namn på rådet
- b) om rådet er eit eige rettssubjekt
- c) kor mange medlemmar den enkelte deltakar skal ha i representantskapet
- d) kva saker rådet skal kunne handsame
- e) kva mynde som er lagt til rådet
- f) ansvarsfordeling, samt den enkelte deltakar sin eigardel i rådet.
- g) korleis deltakarane kan tre ut av rådet
- h) korleis rådet skal oppløysast

Punkt utover dette kan representantskapet sjølv vedta.

Regionrådet har i sak 69/22 kome med innspel til saka og fatta vedtak om at dei rår Hallingtinget til å gjera vedtak i tråd med innstillinga. Etter vedtak i Hallingtinget skal saka vedtakast i alle kommunestyra i Hallingdal.

### Vurdering

Den formelle organiseringa av det interkommunale samarbeidet i Hallingdal starta så tidleg som i 1952 gjennom etableringa av Samarbeidsnemnda for Hallingdal, som bestod av var ordførarane i dei 6 kommunane. Frå 1967-1984 hadde Hallingdal i tillegg Regionalplanråd, som vart etablert som følgje av bygningslova frå 1965. Frå 1984 vart Regionplanrådet og Samarbeidsnemnda erstatta av eit regionråd med to representantar frå kvar kommune, der ein var ordføraren. Dagens ordning kom i stand 1999.

Regionrådet for Hallingdal er eit samarbeids- og interesseorgan for dei deltakande kommunane.

Rådet arbeider for å utvikle regionen med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde som blir skissert i ein strategisk plan og rullert kvart fjerde år.

Rådet ivaretek og interessene til regionen overfor fylke, stat og andre organ på region-, fylkes- og riksplan.

Regionrådet er i dag organisert etter gamal kommunelov § 27. I den nye kommunelova er ikkje § 27-samarbeid vidareført, og samarbeidet må seinast innan 4 år etter at den nye lova trer i kraft vere organisert etter ny kommunelov. Rådet kunne vore organisert som eit IKS, eller kommunalt oppgavefelleskap etter § 19-1, men dagleg leiar meiner at det er mest relevant om det blir omdanna til et interkommunalt politisk råd etter § 18-1. Rådet kan då behandle saker som går på interessepolitikk og oppgåver på tvers av kommunegrensar. Kommunalt oppgavefelleskap er meir aktuelt om ein skal løyse felles oppgåver og samarbeide om tenester.

Det går og fram av § 18-4 at deltakande kommunar skal inngå ei samarbeidsavtale. Som vedlegg til saka ligg forslag til ny samarbeidsavtale, basert på dei krava lova set til ei slik avtale sjå vedlegg. Regionrådet må også ta stilling til om samarbeidet skal være et sjølvstendig rettssubjekt eller ikkje. Fordelen ved å organisere samarbeidet som eit sjølvstendig rettssubjekt vil i hovudtrekk vere at rådet, vedtek sitt eige budsjett, godkjenner sitt eige rekneskap og vil ha moglegheit til å inngå avtalar og forvalte sine eigne midlar utan at det må forankrast i deltakarkommunane. Ulempene vil i hovudtrekk vere at det må til ei verksemdsoverdraging etter arbeidsmiljølova § 16, då det vil vere naturleg at personalet blir tilsette i rådet.

Administrative kostander kan også koma til å auke gjennom behov for eigne lokale, eige arkiv, eigen rekneskapsfører mm. Mykje at dette er på synleggjort i dag og vil trulig ikkje utgjera den store forskjellen. Dagleg leiar meiner, etter ei samla vurdering at det ikkje vil vera hensiktsmessig å gå over til ei samarbeidsform der rådet skal være et sjølvstendig rettssubjekt no, men fortsette slik som i dag med eit reint formalisert samarbeid. I denne vurderinga er det lagt vekt på dei ulempene som nemnd over, samt at kommunane i større grad vil kunne oppretthalde sin moglegheit til å påverke strategi og satsingsområde om det blir organisert som eit reint formalisert samarbeid og ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt.

Representantskapet er rådets øvste organ, jf. ny kommunelov § 18-3. Dagleg leiar foreslår at Hallingdal interkommunale politiske råd sitt representantskap består av ordførar og fire politikarar frå kvar kommune, og at det i daglegtale blir kalla Hallingtinget. Det blir også foreslått at det interkommunale politiske rådet i daglegtale blir kalla Regionrådet for Hallingdal og at dette består av ordførar frå kvar kommune med møte- og stemmerett.

Det blir ikkje , i denne omgang foreslått endringar i møtrefrekvens, finansiering og satsingsområde. Ål kommune har verskommuneansvar for tilsette og ivaretek rekneskap og revisjon. Det vil elles være opp til interkommunalt politisk råd å fastsette administrasjonens ansvarsområde, oppgåver og ressursbruk etter behov og finansieringsmodellen er foreslått uendra.

#### **Forslag til vedtak:**

1. Hallingtinget vedtek at Regionrådet for Hallingdal, slik det er organisert i dag opphøyrer 31.12.2022
2. Det nye regionale politiske samarbeidet mellom kommunane i Hallingdal blir organisert som eit interkommunalt politisk råd etter kommunelova §18.1 frå og med 01.01.2023. Namnet på rådet skal vere «Hallingdal interkommunale politiske råd», til dagleg kalla «Regionrådet for Hallingdal»
3. Hallingtinget rår til at kommunestyret i kvar kommune vedtek samarbeidsavtala for Hallingdal interkommunale politiske råd.
4. Representantskapet består av ordførarar, varaordførarar og tre representantar frå kvar kommune, til dagleg kalla «Hallingtinget»

Hallingdal, 19. okt 2022

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

#### **Vedlegg:**

- 1 Samarbeidsavtale
- 2 Viljeserklæring

## Vedlegg 1:

# Samarbeidsavtale for Hallingdal interkommunale politisk råd (IPR) mellom Flå kommune, Gol kommune, Hemsedal kommune, Hol kommune, Nesbyen kommune og Ål kommune

## 1 Føremål

Hallingdal interkommunale politisk råd - Regionrådet for Hallingdal er eit samarbeids- og interesseorgan for dei deltakande kommunane. Rådet arbeider for å utvikle regionen med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde som blir skissert i ein strategisk plan og rullert kvart fjerde år. Rådet ivaretek og interessene til regionen overfor fylke, stat og andre organ på region-, fylke- og riksplan.

## 2 Namn, deltakarar og rettslig status

Hallingdal interkommunale politisk råd blir organisert som eit interkommunalt politisk råd, jf. lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 18.

Desse kommunane deltek i samarbeidet: Flå kommune, Gol kommune, Hemsedal kommune, Hol kommune, Nesbyen kommune og Ål kommune.

Hallingdal interkommunale politisk råd er ikkje eit eige rettssubjekt.

## 3 Styringsorgan

### a) Representantskapet - Hallingting

Representantskapet består av ordførar, varaordførar og tre andre politikarar frå kvar kommune.

Representantskapet blir i daglegtale kalla Hallingtinget.

Hallingtinget møtast to gonger i året etter vedtatt møteplan. Det skal før kvart årsskifte utarbeidast ein møteplan for heile neste år. Møteinnkalling og saksdokument skal sendast elektronisk til representantane, vararepresentantane, partane og media seinast ei veke før kvart møte.

Hallingtinget skal behandle og vedta årsbudsjett, strategisk plan/handlingsplan og årsmelding. Representantskapet kan opprette og/eller legge ned utval, samt velge medlemmer og varamedlemmer til slike utval. I tillegg kan Hallingtinget gje uttale på vegne av Hallingdal og behandle andre saker som er viktige for det regionale samarbeidet.

Saker som gjeld fordeling av Regionrådet sine midlar skal avgjerast etter konsensusprinsippet. Andre saker kan avgjerast etter fleirtalsprinsippet, men rådsordførar eller møteleiar har dobbeltstemme ved stemmelikheit.

### b) Hallingdal interkommunale politiske råd – Regionrådet for Hallingdal

Regionrådet for Hallingdal består av ordførar frå kvar kommune med møte- og stemmerett. Varaordførarane er varamedlemmer for ordførarane. Regionrådet konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar for heile valperioden.

Regionrådet møtast ved behov, men minimum seks gonger i året etter vedtatt møteplan. Det skal før kvart årsskifte utarbeidast ein møteplan for heile neste år. Møteinnkalling og saksdokument skal sendast elektronisk til representantane, vararepresentantane, partane og media seinast ei veke før kvart møte.

Viktige saker og saker som gjeld fordeling av Regionrådet sine midlar skal avgjerast etter konsensusprinsippet. Andre saker kan avgjerast etter fleirtalsprinsippet, men regionrådsleiar eller møteleiar har dobbeltstemme ved stemmelikheit.

Regionrådet skal behandle saker som blir lagt fram av dagleg leiar, rådmannsutval eller frå ein av kommunane via ordførar. Regionrådet skal også førebu saker for Hallingtinget, behandle og følgje opp saker som er vedtatt i

strategisk plan eller saker som er vedtekne tildegare og som treng oppfølging. Saker som er prinsipielle skal berre avgjerast dersom det ikkje er mogleg å vente med vedtak til neste Hallingting. Regionrådet har hastefullmakt etter § 11-8 i kommunelova. Rådet kan sjølv initiere handlingsprogram, prosjekt, samarbeid og utgreiingar i saker av regional karakter.

Rådet kan fungere som styringsgruppe eller referansegruppe for aktuelle utgreiingsarbeid og opprette grupper og utval knytt til særskilte saker etter behov.

Regionrådet er styre for dei ulike fonda som Regionrådet for Hallingdal disponerer, og skal behandle saker om bruk av disse fonda.

Rådmenn/Kommunedirektørar i kvar kommune og dagleg leiar møte- og talerett både i Regionrådet og på Hallingtinget (representantskapet)

c) Rådmannsutval/kommunedirektørutval.

Rådmennene (kommunedirektørane) i dei seks kommunane utgjer rådmannsutvalget.

Rådmennene koordinerer det interkommunale samarbeidet og kan utgreie og tilrå i saker som skal behandlast i representantskap og Regionråd, samt effektuere vedtaka.

#### **4 Administrasjon**

Hallingdal interkommunale politisk råd skal leiast av ein dagleg leiar. Vedkommande har ansvar for dagleg drift av Regionrådet for Hallingdal. Ansvaret omfattar mellom anna personalansvar, økonomiansvar og ansvar for ulike fag og eksternt og intern kommunikasjon. Dagleg leiar skal sørge for at sakene som blir lagt fram for Hallingting og regionråd, samt ulike utval er forsvarleg utgreidd, og skal sørge for at alle vedtak blir effektuert. Dagleg leiar deltar i rådmannsutvalet i Hallingdal ved behov. Dagleg leiar er møtesekretær for Hallingting og Regionråd. Dagleg leiar er ansvarleg for forvaltninga av Regionrådet sine midlar, dei ulike fonda som Regionrådet for Hallingdal disponerer og eventuelle andre midlar som blir disponert av Regionrådet. Dagleg leiar ivaretek dei løpande oppgåvene knytt til samarbeidet og samvirket med stat, statsforvaltar, fylkeskommune, andre regionar, næringsliv, frivillige organisasjonar og andre samarbeidsaktørar, for å fremje regionen sine interesser. Dagleg leiar skal ivareta krav til innsyn, offentlegheit og openheit som blir stilt i kommunelov, offentliglov og forvaltningslov.

Ål kommune er vertskommune.

#### **5 Økonomi**

Regionsamarbeidet vert finansiert av kommunale tilskot og prosjektinntekter.

Kostnadene til drift av rådet og ansvaret mellom kommunane blir fordelt etter modellen: 30% flatt, 70% etter folketal

Framlegg til driftsbudsjett for regionsamarbeidet blir sendt kommunane innan 1. oktober kvart år.

Kommunane pliktar med årlege driftstilskot å bidra til finansiering av:

- drift av administrasjonen.
- kostnader til ulike politiske møte

Deltaking i samarbeidet føreset at den einskilde kommune til ei kvar tid følgjer opp sine økonomiske plikter i samsvar med denne avtala. Oversikt over foreslått driftstilskot frå kommunane samt forslag til årsbudsjett skal sendast til kommunane seiast 1. oktober kvart år. Årsbudsjettet blir vedtatt av Hallingtinget. Regionrådet for Hallingdal kan ikkje ta opp lån.

#### **6 Endringar i samarbeidsavtala**

Endringar i samarbeidsavtala som blir omfatta av kommunelova § 18-4, fjerde ledd, må godkjennast ved likelydande kommunestyrevedtak i de deltakande kommunane. Endringar i dei delane av samarbeidsavtala som gjeld andre forhold enn dei som er nemnt i fjerde ledd, kan vedtakast av Hallingtinget. Slike endringa krev minst 2/3 fleirtal.

## **7 Innmelding/utmelding**

Kvar av partane i samarbeidsavtala kan før 1. juli kvart år skriftleg seie opp si deltaking i Regionrådet for Hallingdal. Ved utmelding innan 30. juni pliktar den kommunen som går ut, å yte driftstilskot ut påfølgjande driftsår. Ved utmelding mottatt 1. juli og seinare, pliktar den kommunen som går ut å yte driftstilskot i to heile driftsår etter utmeldinga.

Rådet kan utvidast med fleire kommunar etter søknad. Vedtak om eventuell utviding blir gjort av kommunestyret i kvar kommune og krev positivt vedtak frå alle kommunane. Utmelding frå rådet skal skje i samsvar med kommunelova § 18-2. Varselet må koma minst eitt år før utmelding.

## **8 Oppløysing**

Oppløysing av Interkommunalt politisk råd for Hallingdal skjer i samsvar med kommunelova § 18-2. Oppløysinga kan skje dersom fleirtalet av kommunane ønskjer det, etter særskilt vedtak i kommunestyra. Oppløysinga skjer frå og med starten av neste valperiode i kommunane. Dersom det er under eitt år att til neste val i kommunane, skjer oppløysinga ved utgangen av året etter valet. Etter oppløysinga vil partane hefte for sin del av gjeld og andre forpliktingar som Regionrådet for Hallingdal har ved utløpet av oppseiingsfristen. Ved oppløysing skal Rådet sitt arkiv oppbevarast av Ål kommune.

## VILJESERKLÆRING

Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal, Ål og Hol kommunar er samde om fyljande viljeserklæring for det interkommunale samarbeidet i Hallingdal:

1. Kommunane i Hallingdal vil styrke og utvikle det interkommunale samarbeidet i Hallingdal ved å bidra til målretta samarbeid mellom kommunane, næringslivet og innbyggjarane i Hallingdal. Grunnlaget for samarbeidet er samarbeidsavtala for Hallingdal interkommunale politiske råd og denne viljeserklæringa.
2. Kommunane i Hallingdal er samde om at målet med samarbeidet er å oppnå regional vekst og sysselsetting som grunnlag for bærekraftig utvikling av kommunale tenester og ein region der det er godt å leva. Det følgjer av dette at dei seks kommunane så langt det er føremålstenleg søker å opptre med felles haldning i forhold til regionale interesser og utviklingsbehov.
3. Kommunane i Hallingdal er samde om at ei god og bærekraftig samfunnsutvikling er avhengig av eit samanhengande, offensivt samarbeid mellom kommunane, næringslivet og frivillige organisasjonar. Nyskapande og kunnskapsbasert næringsutvikling er eit prioritert område for samhandling og utvikling i regionen. Av dette følgjer mellom annan utvikling av felles profilering og tiltak som styrkar regionen og kommunane sitt omdømme i vidaste forstand.
4. Det interkommunale samarbeidet mellom kommunane skal ha utgangspunkt i "Strategisk plan for Hallingdal" og skal utviklast med brei deltaking frå det offentlege, frå næringslivet og frå frivillige organisasjonar. Ved behov for omorganisering, effektivisering eller tiltak for å redusere sårbarheit, skal interkommunalt samarbeid og samarbeidsløysingar alltid vurderast.
5. Samarbeidstiltak som er vedtekte gjennomført, skal formaliserast.  
Med dette meiner ein at:
  - det skal fattast formelle politiske og/eller administrative vedtak eller avtalar
  - administrativ og politisk styring av samarbeidsordninga skal avklarast
  - ansvar for iverksetjing og drift skal avklarast
  - økonomiske spørsmål og fordelingar skal avklarast
  - arbeidsfordeling og bruk av personell skal avklarast
  - spørsmål om lokalisering av tiltaket skal avklarast

Formaliseringa av samarbeidet skal vera skriftleg og samarbeidet i Hallingdal skal integrerast og gjerast synleg i kommunal planlegging.

6. Kommunestyra i Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal, Ål og Hol vil med dette erklære sin felles vilje til å bidra i ei god samfunns- og næringsutvikling til fordel for befolkninga i Hallingdal. Arbeidet skal utførast etter vedtekte vedtekter for Regionrådet for Hallingdal med dei til ein kvar tid gjeldande strategiar.

**Hallingdal 27. okt 2022**

Hol kommune

Gol kommune

Nes kommune

Ål kommune

Hemsedal kommune

Flå kommune